



Søndre Villanger Håland
Grønålvegen 18
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6957 - 22/77249

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
10.10.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 445/1 Manger nedre

Tiltak: Bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 445/1
Tiltakshavar: Søndre Villanger Håland
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.09.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om bruksendring krev bruk av ansvarleg føretak. Søknad må supplerast med ansvarserklæring og gjennomføringsplan frå eit ansvarleg føretak.
2. Søknad må supplerast med situasjonskart. Situasjonskart må syne avstand frå bruksendra del til eigedomsgrense, andre bygningar og midtlinje av veg.
3. Det må leggjast ved snitt-teikning for bygg. Teikning må syne romhøgde for etasjen.

Minner på generelt grunnlag om at alle tekniske krav i TEK17 gjer seg gjeldande ved bruksendring frå næring til bustad. Sjå her for forskrift: <https://dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/>

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **02.12.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sondre Villanger Håland

Grønålvegen 18

5936

MANGER